



På vårparten hadde ungdomslaget diskotek med over 70 som svinga seg og fredag kveld håpar dei på like godt fram møte når dei opnar for diskoteket att i Helgheim.

Arrangementet har den same ruta som tidlegare. Det betyr at dei yngste (frå klasse 1 til 4) skal dansa frå klokka 17 til 18.30 og dei eldste (frå klasse 5 til 7) får tidsrommet frå klokka 19 til 21.

Det kostar berre ein femtilapp å bli med og ein treng heller ikkje å bli svolten - både pizza og pølser serverast!

På biletet over: Så mange kom det på 'eldrepartiet' i vår.

Foto: Ola Matti Mathisen